

# Meld. St. 36

(2014–2015)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 69. ordinære  
generalforsamlinga  
i Dei sameinte nasjonane (FN)





# Innhold

<b>1</b>	<b>Vurderande samandrag .....</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>Tryggingsrådet .....</b>	<b>20</b>
<b>2</b>	<b>Generalforsamlinga .....</b>	<b>8</b>	<b>5</b>	<b>Styrking av FN, reform og aktørar .....</b>	<b>22</b>
2.1	Generaldebatten .....	8			
2.2	Høgnivåmøte .....	9			
2.3	Saker som har gått direkte i plenum i Generalforsamlinga ....	14			
			<b>Vedlegg</b>		
<b>3</b>	<b>Dei faste komiteane i Generalforsamlinga .....</b>	<b>16</b>	<b>2</b>	Noregs prioriteringar til FNs 69. generalforsamling .....	<b>23</b>
3.1	Generalforsamlingas 1. komité (internasjonal fred og tryggleik) .....	16	3	Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 69. generalforsamling .....	27
3.2	Generalforsamlingas 2. komité (økonomiske og sosiale spørsmål) .....	16	4	Oversikt over norske innlegg, FNs 69. generalforsamling .....	29
3.3	Generalforsamlingas 3. komité (menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål)	17	5	Programbudsjettet 2014–2015 .....	31
3.4	Generalforsamlingas 4. komité (særskilte politiske spørsmål) .....	18	6	Topp 10 bidragsytrarar til FN (pliktige og frivillige bidrag) .....	32
3.5	Generalforsamlingas 5. komité (budsjettspørsmål) .....	18	7	FN sine medlemsland og bidragsskalaen .....	33
3.6	Generalforsamlingas 6. komité (rettslege spørsmål) ....	19	8	FN-systemet .....	39
				Forkortinger .....	40



# Meld. St. 36

(2014–2015)

## Melding til Stortinget

### Noregs deltaking i den 69. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 19. juni 2015,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Rejeringa Solberg)*

#### 1 Vurderande samandrag

Opninga av den 69. generalforsamlinga var prega av den ustabile regionale situasjonen i Midtausten og delar av Afrika, dei mange og store humanitære krisene verda står overfor, og utviklinga i Ukraina. Konfliktane i Syria, Irak, Sør-Sudan og Den sentralafrikanske republikken har tvinga millionar av menneske på flukt og ført til enorme humanitære lidingar. Krigshandlingane i Gaza og konflikten i Mali, saman med den sterke framgangen for brutale terroristorganisasjonar som ISIL og Boko Haram, utgjorde òg ein del av det dystre bakteppet for FNs generalforsamling i 2014.

Ein fellesnemnar for mange av konfliktane er at dei er komplekse, vedvarande og utan direkte utsikter til politiske løysingar. Konfliktane har òg tvinga svært mange menneske på flukt i og utanfor sitt eige land. Verda står no overfor den største flyktningkrisa sidan andre verdskrigen. Massive brot på menneskerettane og på andre grunnleggjande folkerettslege prinsipp, saman med utbrotet og spreiainga av det svært smittsame og dødelege ebola-viruset, prega òg dagsordenen under FNs 69. generalforsamling.

Dei store og samtidige krisene har sett det humanitære systemet til FN på ei alvorleg prøve, men har òg understreka behovet for felles løysingar. Ein tydeleg etterspurnad etter eit effektivt og handlekraftig FN stod sentralt under høgnivåeka hausten 2014. Mange land mobiliserte kraftig for global styring og forsvar av folkeretten. Tryggingsrådet til FN heldt rekordmange møte i 2014, og drøfta òg helsekrisa i samband med ebola-epidemien. Ukraina-konflikten kompliserte dynamikken i Tryggingsrådet, men berre på nokre avgrensa område.

I tillegg til dei akutte krisene har Noreg prioritert det langsiktige normative arbeidet i FNs generalforsamling, utviklingsagendaen og reformtiltaka for å styrkje FN si evne til å løyse oppgåvane sine. Noreg har styrkt den operative evna til FN gjennom politisk og diplomatisk engasjement, omfattande humanitære og utviklingspolitiske bidrag og annan støtte til FN si operative rolle. Døme på dette er støtte til å fjerne kjemiske våpen frå Syria, innsatsen mot ebola, bidrag til FNs fredsoperasjonar og politiske meklingsrolle,

styrkt koordinering av FN-innsatsen på landnivå og støtte til Generalsekretæren sitt initiativ «Human Rights Up Front». På nedrustingsområdet har Noreg medverka til å auke oppslutninga om den internasjonale våpenhandelsavtalen (ATT) og humanitær nedrusting. Haustsesjonen i 1. komité om nedrustingssaker var prega av oppbakten til den komande tilsynskonferansen for ikkjespreiingsavtalen (Non-Proliferation Treaty, NPT).

Utviklingspolitiske spørsmål stod sentralt under høgnivåsegmentet i Generalforsamlinga. Statsministeren, utanriksministeren og klimaministeren hadde profilerte roller i høgnivåmøta om tusenårsmåla, klima og den nye utviklingsagendaen med berekraftsmåla (Post-2015). Leiarrolla med førebuinga av den tredje internasjonale konferansen om finansiering for utvikling i 2015, arbeidet med nye berekraftsmål og gjennomføringa av dei eksisterande tusenårsmåla har stått sentralt i arbeidet til FN-delegasjonen. Noreg pressa på for effektivisering og fokusering i fonda og programma til FN og for betre koordinering, og framheva kor viktig det er at dei operasjonelle aktivitetane til FN vert tilpassa den nye utviklingsagendaen.

I tillegg har Noreg hatt ein høg profil når det gjeld likestilling, på menneskerettssområdet og innanfor internasjonal strafferett, kvinners seksuelle og reproduktive helse og rettar og diskriminering av homofile (LHBT). Trass i motstand har det vore mogleg å oppnå gode vedtak på viktige område, òg når det gjeld Nord-Korea og Iran. Både i Generalforsamlingas 3. og 6. komité spela Noreg ei viktig rolle i å konsolidere oppslutninga om viktige FN-resolusjonar i kampen mot dødsstraff, utanrettslege avrettingar og diskriminering og vald mot kvinner og seksuelle minoritetar.

Vi har vore aktive i å forsvare prinsippa om personvern i det digitale rommet, vern av diplomatiske og konsulære stasjoner, rettsstat på nasjonalt og internasjonalt nivå og vore ei tydeleg røyst for at kampen mot terrorisme må førast innanfor rettsstatens rammer. Havrettsspørsmål har stått sentralt, og Noreg har spela ei aktiv rolle i alle relevante havrettsprosessar. Noreg tok òg aktivt del under statspartsmøtet for Den internasjonale straffedomstolen (ICC), som vart arrangert i New York, og overtok mellom anna formannskapet for arbeidsgruppa for regelendringar.

Dei mange alvorlege humanitære krisene sette det humanitære arbeidet til FN under sterkt press og prega mange diskusjonar i FN gjennom hausten. Diskusjonane handla om dei enorme humanitære behova, brot på humanitærretten og

manglande finansiering. Noreg heldt fram som ein sterk og synleg støttespelar for den humanitære innsatsen til FN, mellom anna gjennom støtte til ei sterkare koordinering i felten og gjennom tett dialog med sekretariatet til Verdas humanitære toppmøte. Som arrangør og medarrangør av ei rekke seminar og møte medverka Noreg til å auke merksemda om humanitære kriser og gje ei plattform for sivilsamfunn og aktørar i felten.

Vidare har den faste norske FN-delegasjonen i New York vore leiar for gjevargruppa for det politiske kontoret til FN (DPA). Noreg er den viktigaste bidragsytares til FN-sekretariatet si ståande gruppe av fredsmeklarar og ekspertar på konfliktførebygging som er tilgjengelege for FNs spesielle politiske oppdrag (Special Political Missions). Frå norsk side har vi medverka til å gjere kvinnelege fredsmeklarar frå sør meir synlege gjennom møte som har vore arrangert for medlemslanda og sivilsamfunnet.

FN-delegasjonen tok aktivt del i forhandlingane i FNs budsjettkomité (5. komité), og leidde forhandlingane om budsjettet for FNs spesielle politiske oppdrag. 5. komité er sterkt polarisert, det er mellom anna eit sterkt press frå ein del dominerande vestlege land for å kutte i budsjetta, og Japan og mange ikkje-vestlege medlemsland ønskjer å detaljstyre arbeidet til Generalsekretæren. Dette er ei stor utfordring for den samla effektiviteten til FN.

Noreg er tungt engasjert i dei pågåande reformene på utviklingsområdet (medrekna dei nye berekraftsmåla og finansiering for utvikling). Noreg har delteke aktivt i styra til fonda og programma til FN for å sikre betre kvalitet, meir effektiv ressursbruk og betre fokus på resultat. Noreg har òg arbeidd for å effektivisere fredsoperasjonane til FN, mellom anna gjennom å støtte det panelet som Generalsekretæren har skipa for å sjå nærmare på reformer av dei samla fredsoperasjonane til FN. Vi har òg medverka til ei utgreiing om bruken av teknologi og støtta effektiviseringa av politiinnsatsen til FN i fredsoperasjonane.

Når det gjeld samarbeidsklimaet i FN, var det ikkje eintydig verre enn i tidlegare år, trass i Ukraina-konflikten og det auka konfliktnivået i Midtausten og Nord-Afrika. Arbeidet i FN er prega av langvarige skiljelinjer mellom grupper av land som representerer ulike interesser i mange internasjonale spørsmål. Det går framleis eit hovudskilje mellom vestlege land og utviklingslanda i den alliansefrie rørsla (NAM). Eit anna og til dels overlappende hovudskilje er motsetnaden mellom pluralistiske demokrati og land med eit

autoritært styresett. Trass i vedvarande motsetnader på ei rekkje område har det likevel lukkast å kome fram til semje i fleire viktige saker ved å samle støtte på tvers av tradisjonelle blokker og skiljelinjer. På nedrustingsområdet i 1. komité slo Ukraina-konflikten tydeleg inn i debatten, medan vedtaka i komiteen stort sett følgde mønstera frå tidlegare år. Konfliktlinjene i 3. komité når det gjeld menneskerettar og likestilling følgde tidlegere spor, og det same gjeld i Kvinnekommisjonen, mellom anna i motstanden mot omtale av seksuell og reproduktiv helse og rettar og rettane for seksuelle minoritetar. Trass i dette var samarbeidsklimaet relativt godt, med færre negative initiativ enn året før. Men samarbeidsklimaet i 5. komité og på utviklingsområdet (2. komité) var nok meir anstrengt i år enn tidlegare. På utviklingsområdet var det til dømes krevjande forhandlingar om utviklingsaktivitetane i FN og sør-sør-samarbeidet. Dette kjem først og fremst av usemje om reform av styrande organ og ønske frå G77 om å demonstrere fleirtalsmakta si når det gjeld dette. Forhandlingane om desse to resolusjonane stranda, og dei vart tekne til votering, noko som ikkje har skjedd tidlegare i 2. komité. Dei humanitære resolusjonane var prega av G77 sitt forsvar for nasjonal suverenitet og motstanden deira mot humanitær tilgang. Manglande semje gjorde at tilretteleggjarane måtte utarbeide tekstframlegg i dei to generelle resolusjonane. Arbeidet i Tryggingsrådet var i høg grad prega av Ukraina-konflikten og dei forverra relasjonane

mellom Russland og vestlege land. Dette førte først og fremst til handlingsslamming når det gjeld Ukraina-spørsmålet og i tilhøvet til Syria, som i tidlegare år. Det lukkast likevel for Tryggingsrådet å gjere viktige vedtak mellom anna når det gjeld kampen mot internasjonal terrorisme og fredsoperasjonar i Afrika. Både i Generalforsamlinga og Tryggingsrådet førte det auka internasjonale konfliktnivået ikkje berre til splitting, men viste òg eit tydeleg behov for å stå saman mot globale trugsmål.

Reform av FN er eit krevjande og omstendelegring arbeid. Hovudutfordringa er som oftast ikkje mangel på idear om korleis organisasjonen kan styrkja, men heller å få alle dei 193 medlemslanda til å einast om konkrete reformer. Under den 69. generalforsamlinga spela Noreg ei aktiv rolle i ei rekkje pågåande prosessar for å effektivisere og styrke FN.

Noreg har teke initiativ til ein breiare prosess for reform av FN i samband med val av ein ny generalsekretær i 2016, ein prosess som vil bygge på og styrke dei reformiltaka som alt er påbyrja. FN-reform vil framleis stå sentralt i norsk FN-politikk i dei komande åra.

FNs 69. generalforsamling la grunnlaget for store internasjonale prosessar i 2015 på sentrale område. Dette gjeld forhandlingane og avgjerdene om å vedta nye berekraftsmål, konferansen om finansiering for utvikling og forhandlingane om ein ny klimaavtale (COP21). Året 2015 er eit svært viktig år for FN.

## 2 Generalforsamlinga

### 2.1 Generaldebatten

Generalforsamlinga vert kvart år opna med ein generaldebatt der dei 193 medlemslanda i FN held innlegg. Generaldebatten gjev eit bilet av den aktuelle internasjonale politiske situasjonen. Sentrale tema under den 69. generaldebatten til FN var kampen mot ekstremisme og terrorisme, gjennomføring av tusenårsmåla, dei nye berekraftsmåla, dei mange humanitære krisene, Gaza-krigen og situasjonen i Ukraina.

Statsminister Erna Solberg heldt det norske innlegget. Ho var oppteken av gjennomføringa av tusenårsmåla og behovet for å utvikle nye ambisjøse og realistiske berekraftsmål. Statsministeren la vekt på utdanning for jenter som avgjerande for å få slutt på fattigdom, og viste til norsk innsats. Solberg fordømte Russland sine brot på folkeretten og destabiliseringa av Ukraina. Ho støtta initiativet frå USA og resolusjonen frå Tryggingsrådet om framandkrigarar. Ho viste vidare til dei store humanitære utfordringane mellom anna i Syria, Irak og Sør-Sudan, som krev internasjonal mobilisering. Ho trekte fram norske initiativ som gjevar-konferansen for Sør-Sudan og den då føreståande konferansen for Gaza. Til sist kom statsministeren med eit sterkt forsvar for menneskerettane og støtta Generalsekretæren sitt initiativ Human Rights Up Front, som dreier seg om å setje menneskerettane i sentrum for all FN-innsats.

Svært mange land var opptekne av arbeidet med å kjempe mot ekstremisme og terrorisme. Mange av talarane la vekt på at ISIL har gått til åtak mot heile verdigrunnlaget til FN. President Barack Obama mobiliserte til kamp mot militant ekstremisme og terrorisme, og streka under at ISIL skal stoppast. Både president François Hollande og statsminister David Cameron konentrerte seg om ISIL i innlegga sine. Cameron rekte ut handa til Iran som partnar, og rekna dette landet for å vere ein del av løysinga og ikkje ein del av problemet. Cameron lanserte eit framlegg om å opprette ein eigen spesialrepresentant mot ekstremisme. Malaysia tok til orde for ein koalisjon av moderate islamske leiarar mot ekstremistiske islamske rørsler. Fleire afrikanske statsleia-

rar minna om at kampen mot ekstrem islam ikkje berre handlar om Midtausten, men òg om store delar av Afrika. EU peikte på at dei arabiske og muslimske landa må stå i frontlinja mot voldelege ekstremistgrupper som ISIL og Boko Haram. Den iranske presidenten meinte at dei strategiske feilskjæra i Vesten har lagt grunnlaget for framvoksteren av ekstremisme i regionen. Òg Russland støtta kampen mot terroristar. Utanriksminister Lavrov meinte at det var naudsynt med ei brei tilnærming som tok for seg røtene til problema. Russland ville gjere framlegg om dette i Tryggingsrådet.

Fleire land, i første rekke dei arabiske, omtala Gaza-krigen i innlegga sine. Qatar meinte at Israel sine handlingar i Gaza kan vere brotsverk mot menneskeslekta. Det var òg andre som fordømte den israelske handlemåten. Jordan streka under at palestiniane hadde krav på rettferd, vørtnad, framtidsutsikter og håp. Tostatsløysinga må gjenomførast. Urettferd fremjar radikalisering, og problema i Midtausten påverkar heile verda. Egypt streka under at religiøs ekstremisme og terrorisme må møtast med hard motstand, og tok eit oppgjer med Det muslimske brorskapet. Fleire land framheva òg at vi ikkje må gløyme den dystre tryggingsmessige og humanitære situasjonen i Syria. Mange, medrekna den finske presidenten, streka under kor viktig det er å finne ei politisk løysing i Syria.

Ebola stod sentralt i generaldebattinnlegget hjå mange land, utan omsyn til regionar. Mange afrikanske land var nøgde med at ebola-krisa var løfta frå å vere eit afrikansk problem til å vere eit ansvar for heile verda. Mange talarar la vekt på at eit sterkare FN må ha ei sentral rolle når det gjeld klima, berekraftsmåla, konfliktløysing og respons på svært mange humanitære kriser. Ei rekke land argumenterte for reform av Tryggingsrådet. Dei streka under behovet for ein sterk multilateral verdsorden som bygger på folkeretten og menneskerettane, med sikte på å løyse globale utfordringar. Langvarige utfordringar må løysast gjennom felles handling. Stillehavssstatane framheva dei dramatiske utfordringane som dei står overfor når havet stig på grunn av klimaendringane.

Medan president Obama og mange vestlege land, medrekna Noreg, fordømte dei russiske inngrepa i Ukraina, slo Russlands utanriksminister Lavrov tilbake mot Vestens kritikk av den russiske handlemåten i Ukraina. Lavrov meinte at det var USA som hadde sett standarden for unilateral maktbruk for å fremje regimeendring; i det tidlegare Jugoslavia, i Irak, i Afghanistan og i Libya. Det var desse amerikanskeidde aksjonane som hadde ført til kaoset som ein no stod overfor. Ukraina var ein del av dette biletet. Vesten hadde ikkje lytta til det russiske ønsket om samarbeid, men tok sikte på å utvide den geopolitiske innverknaden sin på andre sin kostnad. Samstundes streka han under at Russland ønskjer fred og dialog med nabolanda.

## 2.2 Høgnivåmøte

Opninga av Generalforsamlinga i FN er den viktigaste politiske møteplassen i verda, med svært mange møte mellom statsleiarar, utanriksministrar og andre politikarar frå dei 193 medlemslanda i FN gjennom ei hektisk veke. Ved sida av generaldebatten vart det halde ei rekke større høgnivåmøte. Det vart halde eit klimatoppmøte med sikte på å halde ved lag klimaengasjementet på høgt politisk nivå fram mot toppmøtet i Paris i 2015. Vidare vart det halde ein verdskonferanse for urfolk og ein spesialsesjon om befolkning og utvikling (ICPD). Noreg tok aktivt del under alle desse møta. I tillegg var det fleire møte om tusenårsmåla til FN og dei nye berekraftsmåla. Noreg fekk god oppslutning om det årlege Trygve Lie-symposiet om menneskerettar, der føremålet denne gongen var å støtte initiativet frå Generalsekretær for å styrke menneskerettsaspektet i den samla verksemda til FN (Human Rights Up Front). I tillegg stod Noreg for eit sidearrangement om demokratisk styresett i dei nye berekraftsmåla og eit møte i Gjevarlandsgruppa for Palestina (AHLC). Nedanfor følgjer ei omtale av eit nokre av møta som Noreg tok del i under høgnivåveka:

### Klimatoppmøtet til FN

Generalsekretær Ban Ki-moon arrangerte eit klimatoppmøte for å sikre framdrifta fram mot toppmøtet i Paris i desember 2015. Under møtet vart det lagt fram ei rekke nye initiativ, mellom anna når det gjeld energi, skog og landbruk. Generalsekretærin streka under at det no trengst reell politisk handling for å redusere klimagassutsleppa. I tillegg til medlemslanda var òg sivilsamfunnet og

den private sektoren inviterte til toppmøtet. Generalsekretærin legg vekt på større engasjement frå den private sektoren for å redusere klimagassutsleppa. Mange land var opptekne av at naturkatastrofar og klimaendringar er eit trugsmål mot utvikling. Statsminister Solberg gjorde greie for dei ulike initiativa som Noreg støttar på klimaområdet, og streka under behovet for å inngå ein avtale i Paris som har eit langsigkt mål om nullutslipp i 2050. Det vart annonsert at Noreg vil løyve 200 millionar kroner til det grøne klimafondet i 2015, og at den samla løyvinga vil verte kunngjord på påfyllingsmøtet i november. Før toppmøtet hadde Noreg og EU invitert til eit ministermøte om forhandlingane om den nye klimaavtalen som skal inngåast i Paris. Møtet var eit ledd i den rolla Noreg har som brubyggjar i klimaforhandlingane. Noreg og USA arrangerte dessutan eit ministermøte om klimafinansiering.

### Verdkonferansen for urfolk

For første gongen vart det halde ein verdskonferanse for urfolk der medlemslanda tok del på høgt nivå, og der det møtte fram urfolksrepresentantar frå heile verda. Til saman var om lag 2000 urfolksrepresentantar til stades. Verdkonferansen vedtok samrøystes eit ambisiøst sluttdokument som var forhandla fram på førehand. Det nære samarbeidet mellom representantar for samane og norske styresmakter var svært verdfullt gjennom heile prosessen fram mot sluttdokumentet. Etter dokumentet forpliktar medlemslanda seg til å setje i verk spesifikke tiltak for å oppfylle urfolksfråsegna til FN. I dokumentet vert det lagt vekt på deltaking frå urfolk gjennom konsultasjonar og samarbeid med statane. Samstundes vert det retta fleire oppmodingar til FN-systemet om deltaking frå urfolk. Gjennom verdskonferansen deltok statar og urfolksdelegatar på lik linje. Innlegga har vore prega av vilje til og krav om å gå frå fråsegn til gjennomføring. Oppfølginga av fråsegna vil vere utfordrande og krevje aktiv innsats frå dei statane som kjempar for rettane til urfolk. Utanriksminister Børge Brende deltok ved opninga av verdskonferansen, saman med sametingspresident Aili Keskitalo og statssekretær Anders Bals frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Sametingspresidenten heldt innlegg på vegner av dei arktiske urfolkta.

### Spesialsesjon om befolkning og utvikling (ICPD)

Spesialsesjonen om befolkning og utvikling markerte at det var 20 år sidan befolkningskonferan-

sen i Kairo. Kairo-konferansen endra måten ein tenkte om befolkningsvekst i internasjonal samanheng – frå å fokusere på å avgrense befolkningsveksten til å sikre kvart individ sin rett til seksuell og reproduktiv helse. Handlingsplanen som vart vedteken den gongen, var eit gjennombrot for arbeidet med likestilling og rettane til kvinner. Fokus for spesialsesjonen var å drøfte status for gjennomføringa av handlingsplanen frå Kairo, dele nasjonale røynsler om gjennomføringa og dessutan å drøfte arbeidet med dei nye berekraftsmåla som skal vedtakast i 2015. Noreg la vekt på støtte til den globale kampanjen for kamp mot kjønnsskamfaring og kampanjen mot barne- og tvangsekteskap. Norsk støtte til arbeidet med å kjempe mot all diskriminering, medrekna diskriminering på grunnlag av seksuell legning og kjønnsidentitet, vil òg verte vidareført. Ein hovudbodskap var at universell tilgang til seksuell og reproduktiv helse og tilhøyrande rettar må inn i den nye utviklingsagendaen.

#### *Møte i Tryggingsrådet om framandkrigarar og terrorisme*

Under leiing av president Obama heldt Tryggingsrådet eit møte om framandkrigarar. Dei fleste landa stilte på statsleiar- eller regjeringssjefsnivå. Det faktum at presidenten sjølv var møteleiar, er illustrerande for kor stor vekt USA legg på kampen mot radikalisering, ekstremisme og framandkrigarar. Under møtet vart det samrøystes vedteke ein resolusjon under kapittel VII i FN-pakta som forplikta alle medlemslanda til ei rekke tiltak for å hindre rekruttering, organisering og finansiering av framandkrigarar og for kamp mot radikalisering og ekstremisme. Statsminister Solberg streka under kor viktig det er å kjempe mot radikalisering og ekstremisme både i dei regionane som det kjem ved, og i land som ikkje er direkte råka av pågåande konfliktar. Solberg viste til den norske handlingsplanen for førebygging av radikalisering og voldeleg ekstremisme, som inkluderer mange av elementa i resolusjonen, og til lovframleggjette frå regeringa om kriminalisering av deltaking i væpna konflikt i utlandet. Ho streka under kor viktig det er at verdssamfunnet stod samla, noko som ikkje minst vart symbolisert ved at litt over hundre land, mellom dei Noreg, stod som medframleggsstillarar til resolusjonen.

#### *Tusenårsmåla*

Statsminister Solberg leier generalsekretær Ban Ki-moon si pådrivargruppe for tusenårsmåla til

FN, saman med Rwandas president Paul Kagame. Generalsekretæren opna møtet i denne gruppa, der meir enn 300 deltakarar frå styresmakter, FN, næringslivet og sivilsamfunnet deltok. Hovudføremålet med møtet var å medverke til auka innsats for dei åtte tusenårsmåla i dei siste 462 dagane før utgangen av 2015. Som eit bidrag til dette vart det lansert ein rapport om røynslene frå 14 års innsats for å fremje måla. Rapporten er eit resultat av eit initiativ som statsminister Solberg tok våren 2014, der ho, saman med president Kagame, inviterte 50 internasjonale leiarar til å bidra med sine røynsler.

#### *Møte i gjevargruppa for Palestina*

Utanriksminister Børge Brende leidde det årlege møtet i gjevargruppa for Palestina (AHLC), saman med EUs høgrepresentant Catherine Ashton og USAs utanriksminister John Kerry. Generalsekretær Ban Ki-moon var vert for møtet. Frå Palestina deltok statsminister Rami Hamdallah og finansminister Shoukri Bishara, medan viseutanriksminister Tzachi Hanegbi representerte Israel. Ei rekke andre utanriksministrar var til stades og heldt innlegg, mellom anna frå Jordan, Italia, Tyrkia og Japan. Det var stor semje blant deltakarane om behovet for ei politisk løysing i Gaza, og at er uakseptabelt å vende tilbake til status quo. Gjevarlanda melde klart ifrå om at dei ikkje ønskte å bygge opp att Gaza, for på nytt å risikere øydelegging i ein ny krig. Situasjonen i Gaza var på eit botnpunkt, men det var semje om behovet for å nytte høvet til å presse på for å kome fram til ei berekraftig og langsiktig politisk løysing. Det var viktig å få på plass ei stabil og varig våpenkvile, og å ta opp att fredsforhandlingane mellom Israel og Palestina med tostatløysinga som eit endeleg mål. Den palestinske økonomien var i nedgang, og både Verdsbanken og IMF streka under at økonomisk vekst var uråd utan at Israel lettar på restriksjonane. Det kom fram ein klar bodskap til Israel om å leggje til rette for ein slik økonomisk vekst ved å lette på restriksjonane.

#### *Trygve Lie-symposiet*

Trygve Lie-symposiet om menneskerettar er eit årleg norsk høgnivåmøte som vert arrangert i samarbeid med International Peace Institute (IPI). Temaet for møtet i år, som vart leidd av utanriksminister Børge Brende, var «Human Rights Up Front: Preventing Human Rights Crisis World Wide». I tillegg til utanriksministeren deltok FNs visegeneralsekretær Jan Eliasson,

UNDP-leiar Helen Clark, Rwandas utanriksminister Louise Mushikiwabo, FNs høgkommissær for menneskerettar Zeid Ra'ad Al Hussein og leiaren for International Rescue Committee, David Miliband, i panelet. Føremålet var å markere støtte til Generalsekretæren sitt initiativ «Human Rights Up Front». Initiativet handlar om å gjere FN betre i stand til å handtere grove brot på menneskerettane og å styrke menneskerettsdimensjonen i den samla innsatsen til FN. I innleiinga si la utanriksministeren vekt på at vern og fremjing av menneskerettar er ein av dei tre hovudpilarane til FN, saman med fred og tryggleik og utvikling. Men menneskerettspilaren er ikkje vorten tilstrekkeleg prioritert. Betre handtering av brot på menneskerettane i ein tidleg fase vil kunne medverke til å hindre at konfliktsituasjonar eskalerer.

#### *Rettane til lesbiske, homofile, bifile og transseksuelle*

Kjernegruppa for rettane til lesbiske, homofile, bifile og transseksuelle (LGBT-personar), som Noreg er medlem av, arrangerte eit ministermøte i FN om kamp mot vald og diskriminering. FNs høgkommissær for menneskerettar Zeid Ra'ad Al Hussein var hovudtalar, og snakka om FNs «Free and Equal»-kampanje, som Noreg støttar. USAs utanriksminister John Kerry annonserde at fire nye land stilte seg bak ei fellesfråsøgn som 85 land underteikna i 2011. Utanriksminister Brende deltok på møtet, og Noreg sponsa ei fotomarkering der dei som deltok på heile høgnivåveka, kunne ta bilet av seg sjølv med plakatar som støtt likeverd for LGBT-personar. Mange stats- og regjeringssjefar, i tillegg til 22 ministrar, deltok i kampanjen gjennom sosiale medium. I alt 1 500 personar var innom fotoboksen, og kampanjen nådde 600 000 menneske.

#### *Høgnivåmøte om berekraftig energi for alle (SE4ALL)*

Generalsekretæren stod bak eit høgnivåmøte om initiativet «berekraftig energi for alle» (SE4ALL). Noko av bakgrunnen for initiativet er at over 1,2 milliardar menneske i verda manglar tilgang til elektrisitet. Initiativet vart grundig gjennomgått på møtet, og det vart særleg lagt vekt på finansiering, fornybar energi, energieffektivisering og arbeid på landnivå. SE4ALL sitt energieffektiviseringsinitiativ «Energy Efficiency Accelerator Platform» vart annonsert. Dette initiativet har som mål å medverke til å løyse ut investeringar i energieffektivisering innanfor mellom anna bygninga, transport, oppvarming, belysning og elektriske apparat. Initiativet er utvikla av og vert i stor

grad leidd av den private sektoren. Det har kome klare og tydelege overslag over mogleg oppnådde reduksjonar når det gjeld klimagassutslepp, innsparinger og redusert energiforbruk. Dersom togtradersmålet skal nåast, er det heilt avgjerande at reduksjonspotensialet innanfor energieffektivisering vert realisert. Under møtet lanserte Noreg initiativet «1Giga ton Coalition», som skal medverke til å synleggjere og dokumentere korleis energitiltak kan redusere utslepp av klimagassar.

#### *Høgnivåmøte i Tryggingsrådet om Irak*

USA arrangerte eit høgnivåmøte i Tryggingsrådet om Irak, som vart leidd av USAs utanriksminister John Kerry. Møtet samla utanriksministrar frå 23 land, blant dei Noreg, og representantar frå ei rekke andre land som det kjem ved, og førte fram til ei presidentfråsøgn. Møtet sende eit sterkt signal om at det internasjonale samfunnet står samla, etter at ISIL i altfor lang tid har kunna vakse seg sterkt på grunn av regional rivalisering og manglande strategi. Irak gjorde det klart at dei ønskte politisk, militær, humanitær og anna støtte i kampen mot ISIL, og fekk brei støtte til dette. Noreg kunngjorde ytterlegare humanitære bidrag på ti millionar dollar til Syria og Irak, og annonserde at Noreg stod klar til å medverke med militære stabsoffiserar og kapasitetsbygging.

#### *Høgnivåmøte om FNs fredsoperasjoner*

FNs generalsekretær Ban Ki-moon og USAs visepresident Joe Biden leidde eit høgnivåmøte om styrking av fredsoperasjonane til FN, saman med Rwandas president Paul Kagame og statsministrane frå Bangladesh, Pakistan og Japan. Verdsamfunnet står i dag overfor mange og samansette trugsmål og konfliktbilete, og det globale tryggleikslandskapet har endra seg mykje. Med dette bakteppet har Generalsekretæren teke initiativ til ein omfattande gjennomgang av fredsoperasjonane til FN. Over 30 land deltok i møtet, der det vart uttrykt stor støtte til fredsoperasjonane og sett fram konkrete lovnader om bidrag. I innlegget sitt uttrykte utanriksminister Brende støtte til gjennomgangen og framheva norsk medverknad, med særleg vekt på oppfølging av tryggingsrådsresolusjonane om kvinner, fred og tryggleik.

#### *Utdanning*

Generalsekretæren sitt initiativ for utdanning, «Global Education First Initiative», har som mål å

sikre at alle barn får skolegang, at dei lærer og at undervisninga medverkar til at elevane vert samfunnsansvarlege borgarar. Generalsekretæren samla statsleiarar frå ei rekke land til eit møte for å diskutere korleis kvaliteten kan styrkast i undervisninga. USAs førstedame Michelle Obama streka under at utdanninga av jenter og unge kvinner har samanheng med korleis kvinner vert sett på og behandla i samfunnet. For at det skal verte framgang, må oppfatningar og haldningar endrast. Statsminister Erna Solberg annonsera at Noreg ville doble bistanden til utdanning over dei neste tre åra. Ho fortalte at Noreg ville prioritere fattige og sårbare barn, til dømes dei som lever i konfliktsituasjonar, barn med nedsett funksjonsevne og barnearbeidrarar. Jenter og unge kvinner vil verte ei spesiell målgruppe i den norske satsinga. Det vart annonsert at i 2015 vil Noreg, i samarbeid med spesialutsending Gordon Brown, arrangere eit toppmøte om styrking av innsatsen for utdanning.

#### *Høgnivåmøte om ebola-epidemien*

Generalsekretæren inviterte til eit høgnivåmøte for å mobilisere støtte mot ebola-epidemien.

President Obama varsla at helsesistema i Liberia, Guinea og Sierra Leone var nær ein kolaps. Dersom ikkje verdssamfunnet oppgraderer innsatsen sin dramatisk, var det risiko for ein humanitær katastrofe i regionen. Den internasjonale innsatsen var styrkt, men langt ifrå tilstrekkeleg. Ytterlegare mobilisering måtte til. Noreg, ved statsministeren og utanriksministeren, kunn gjorde eit samla bidrag på 86 millionar kroner. Før høgnivåmøtet hadde Tryggingsrådet kalla inn til eit hastemøte der ebola vart erklært som ein fare mot internasjonal fred og tryggleik. Det vart vedteke ein resolusjon om utbrotet med 130 medframleggsstillarar, medrekna Noreg, som er det høgaste talet på medframleggsstillarar for ein tryggingsrådsresolusjon nokon gong. Difor var det historisk semje om tryggingsrådsresolusjonen om å auke innsatsen mot ebola.

#### *Høgnivåmøte om Somalia*

Føremålet med høgnivåmøtet om Somalia var å styrke den politiske overgangsprosessen kalla «Vision 2016» fram mot ein større partnarskapskonferanse om Somalia i København i november. Det vart uttrykt brei støtte til somaliske styresmakter for freistnadene på å skape fred og for den politiske reformprosessen. Den somaliske regjeringa fekk honnør for framgangen med å

skape grunnlag for eit suverent, samla, trygt og demokratisk Somalia. Storbritannias statsminister David Cameron sa at utviklinga i Somalia dei siste åra hadde gått betre enn venta, og meinte at det internasjonale samfunnet kunne lære av dette i andre konfliktar. Den afrikanske AMISOM-styrken fekk mykje ros saman med den somaliske hæren for å ha drive opprørsgruppa Al-Shabaab tilbake og på nytt teke den territorielle kontrollen over landet. Fleire av dei afrikanske ministrane tok til orde for at FN skal overta ansvaret for fredsoperasjonen. I innlegget sitt viste utanriksminister Brende til at den humanitære situasjonen var alvorleg, og at Noreg ville bidra med ytterlegare 35 millionar kroner.

#### *Høgnivåpanel om Syria*

Storbritannias utanriksminister Phillip Hammond leidde eit høgnivåpanel i FN-hovudkvarteret, saman med presidenten for den syriske nasjonalkoalisjonen (Syrian National Coalition), der utanriksminister Brende deltok. Føremålet med møtet var å støtte opp om den moderate syriske opposisjonen og drøfte vegen vidare i kampen mot ISIL. Blant andre paneldeltakrar kan nemnast utanriksministrane frå USA, Frankrike, Saudi Arabia, Tyrkia og Tyskland. Dessutan tok Jordan, Dei sameinte arabiske emirata, Qatar, Nederland og Den arabiske ligaen òg ordet i debatten. Innleiarane var opptekne av at president Bashar al-Assad ikkje var ein del av løysinga i kampen mot ISIL, slik han sjølv ønskte å framstille seg. Regimet var snarare ansvarleg for, og støtta opp om, framvoksteren av ekstrem islamistisk terror i Syria og Irak. Regimet var òg ansvarleg for gjennom dei siste tre åra å ha slått brutalt ned på fredelege protestar med alle middel, medrekna kjemiske våpen. Ifølgje FN var meir enn 190 000 menneske drepne og millionar drivne på flukt. Den syriske nasjonalkoalisjonen og støttespelarane hans stod no overfor to fiendar, Assad og ISIL. USA og Storbritannia med fleire var likevel klare på at det ikkje fanst noka militær løysing på konflikten i Syria, løysinga var politisk. For dette føremålet var det viktig å støtte opp om den syriske nasjonalkoalisjonen.

#### *Høgnivåmøte om Libya*

Generalsekretær Ban Ki-moon og FNs spesialrepresentant for Libya, Bernadino León, kalla inn til høgnivåmøte om Libya. Fleire deltagarar uttrykte støtte til dei legitime styresmaktene i landet, representerte ved presidenten for det Tobruk-baserte parlamentet. Presidentane frå

Tsjad og Niger og utanriksministane frå Frankrike, Italia, Portugal, Algerie og Marokko streka mellom anna under behovet for både nasjonal dialog og forsoning og tiltak mot terrorisme og våpenbruk.

#### *Høgnivåmøte om Den sentralafrikanske republikken*

På eit høgnivåmøte om situasjonen i Den sentralafrikanske republikken, der mellom anna utanriksminister Kerry var til stades, vart det gjeve sterkt og brei støtte til fredsinnsatsen i landet. Hovudbodskapen til deltakarlanda var tredelt: valden må stansast, partane må følgje opp dei vedtekne avtalane og det må skapast framdrift i arbeidet med det politiske vegkartet og leggjast grunnlag for framtidige val. Det vart uttrykt stor uro for den dystre humanitære situasjonen i landet, og for at berre 20 prosent av det pårekna behovet for humanitær hjelp var finansiert.

#### *Situasjonen i Ukraina*

Som leiar for Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) inviterte Sveits til eit møte om europeisk tryggleik og OSSE si rolle framover, sett i lys av Ukraina-konflikten. Møtet vart opna av den sveitsiske utanriksministeren Didier Burkhalter, og generalsekretæren for OSSE, Lamberto Zannier, var ordstyrar. Burkhalter streka under kor viktig det er å etterleve prinsippa i Paris-charteret (som byggjer på grunn dokumentet til OSSE, Helsingforsfråsegnna). Under møtet vart det halde i alt 37 innlegg, og essensen i nesten alle desse var at Russland sine handlingar i aust-Ukraina krenkte grunnleggjande folkerettslege prinsipp. Dette representerte det største tryggingspolitiske trugsmålet mot europeisk fred og tryggleik sidan den kalde krigen vart avslutta. Ukrainas utanriksminister Klimkin hevda at Ukraina var utsett for ein militær invasjon orkestrert frå Moskva. Det var naudsynt med opptrapping av militær og økonomisk assistanse frå medlemsstatane i OSSE. Russland ved utanriksminister Lavrov tok opp att velkjende posisjonar om at krisa i Ukraina berre er eit symptom på den manglande respekten som Vest-Europa har for russisk innverknad og kultur. Årsaka til krisa var maktovertakinga frå ukrainske nasjonalistar i Kiev og påfølgjande manglande respekt for russiske minoritetar. Frå norsk side vart det peikt på at Russlands framferd i Ukraina utgjorde grove brot på folkeretten og er eit alvorleg trugsmål mot europeisk tryggleik. Det internasjonale samfunnet måtte stå samla, ikkje minst med iverksetjing

av restriktive tiltak og sanksjonar, og såleis gjere det klart at russisk aggresjon var uakseptabel og hadde konsekvensar, ikkje minst for russisk økonomi.

#### *Situasjonen i Sør-Sudan*

FNs kontor for koordinering av humanitær bistand (OCHA) og FNs avdeling for fredsbevarande operasjonar (DPKO) organiserte eit felles møte for å drøfte situasjonen i Sør-Sudan og gjere opp status etter gjevarkonferansen i Oslo i mai. Det var stor uro for den humanitære situasjonen og det store talet på internt fordrive og flyktningar. Ifølgje UNICEF var 50 000 barn i fare for å omkomme dersom ikkje bistand når fram utan hindringar. Kvinner og barn var utsette for vald og overgrep. Det vart nytta svært sterke ord for å appellere til partane om å stanse krigføringa, respektere våpenkvileavtalen og verne sivile i medhald av internasjonal humanitærrett.

#### *Demokratisk styresett og dei nye berekraftsmåla*

Utanriksminister Brende, Botswanas utanriksminister og organisasjonen International IDEA var vertskap for eit fullsett møte om demokrati og godt styresett i dei nye berekraftsmåla (post 2015-agendaen). Målsetjinga med møtet var å streke under og mobilisere støtte for å ha med demokrati og godt styresett i dei nye berekraftsmåla. Visegeneralsekretær Jan Eliasson var hovudtalar og la vekt på kva rettsstaten har å seie for utvikling. Utanriksminister Brende gav eit sterkt forsvar for demokratisk styresett, rettsstat og menneskerettar som berebjelkar for utvikling, og fekk støtte frå mange av dei om lag hundre deltakarane, som omfatta statar frå alle regionar, sivilsamfunnsrepresentantar og representantar frå FN-systemet.

#### *Kvinner og likestilling*

Statsminister Erna Solberg deltok i ein offentleg samtale om norsk likestillingspolitikk med den profilerte forfattaren og journalisten Liza Mundy. Solberg møtte òg leiaren for UN Women, Phumzile Mlambo-Ngcuka, til samtale om FN-arbeidet for kvinnernas rettar og likestilling. Begge streka under kor viktig det er med utdanning for jenter og kvinner, det er sjølv fundamentet for alt anna som ein ønskjer å oppnå til dømes når det gjeld helse, deltaking i arbeidslivet og politisk innverknad for kvinner. Trass i framgang på mange område når det gjeld rettar og likestilling for kvinner, gjev utviklinga mange stader grunn til uro,

særleg i område med krig og konflikt. Difor er arbeidet for å følge opp tryggingsrådsresolusjonane om kvinner, fred og tryggleik framleis svært viktig.

#### *Reform av Tryggingsrådet*

Frankrike og Mexico arrangerte eit møte om dei fem faste medlemmene av Tryggingsrådet og bruken deira av vetoretten i situasjonar der det vert utført massive brotsverk (folkemord, brotsverk mot menneskeslekta og krigsbrotsverk). Møtet var eit ledd i eit større fransk initiativ som vart lansert i 2013 for å utvikle retningslinjer for frivillig å avstå frå bruken av vetoretten i situasjonar der sivile vert truga av alvorlege brotsverk. Initiativet var aktualisert av Russland og Kinas mange veto mot vedtak frå Tryggingsrådet for å hjelpe sivile i Syria. Utanriksministeren uttrykte norsk støtte til initiativet, og viste til Rådet si manglande handleevne under folkemorda i Rwanda og Bosnia og i dagens krise i Syria. Dei fleste av dei i overkant 50 statane som tok ordet, blant desse fleire medlemmer av Rådet, uttrykte seg positivt om det franske initiativet. Russland meinte at ein måtte vere varsame med å avgrense vetoretten, som var eit realpolitisk kompromiss mellom dei mektigsate statane i verda for tilrettelegging av legitim maktbruk.

### **2.3 Saker som har gått direkte i plenum i Generalforsamlinga**

I tillegg til generaldebatten er det fleire resolusjonar som går direkte i plenum i Generalforsamlinga, utan at dei er vortne handsama i dei seks faste komiteane. Det var også fleire tematiske debattar i plenum, og då ofte i samband med handsaming av resolusjonar. Nedanfor følgjer omtale av nokre av dei viktigaste sakene:

Førebuingane til ein ny utviklingsagenda etter 2015 som skal kome i staden for tusenårsmåla, dominerte arbeidet med utviklingspolitiske spørsmål i plenumssakene i Generalforsamlinga. Uformelle forhandlingar om toppmøtet om dei nye berekraftsmåla i samband med opninga av FNs generaldebatt i 2015, vart haldne under leiing av Papua New Guinea og Danmark, følgt av Kenya og Irland, på oppdrag frå presidenten for Generalforsamlinga. I konsultasjonane vart også forhandlingsprosessen omtala. Det var semje om at framlegga frå arbeidsgruppa om 17 berekraftsmål og 169 delmål skal leggjast til grunn i forhandlingane om den nye utviklingsagendaen etter 2015, men det vart lagt vekt på at andre innspel også var viktige,

tige, som til dømes rapporten frå den mellomstatlege ekspertkomiteen om finansiering av berekraftig utvikling og synteserapporten frå Generalsekretæren om den nye utviklingsagenden etter 2015. Deltaking frå sivilsamfunnet på toppmøtet og i forhandlingsprosessen var omstridde tema.

FN vedtok å halde ein tredje internasjonal konferanse om finansiering for utvikling i Addis Abeba i juli 2015. Presidenten for Generalforsamlinga peikte ut Noreg og Guyana til å leie dette arbeidet. Det vart halde to tematiske møterekkjer som førebuing til forhandlingane om finansiering for utvikling i 2015.

Generalforsamlinga i FN vedtok å forhandle fram eit FN-basert, juridisk bindande instrument om statsgjeld etter framlegg frå G77-gruppa (ein laus koalisjon av 130 utviklingsland, som ofte står saman i FN), med Argentina i spissen. Bakgrunnen for dette er krisene dei siste åra og utviklinga i arbeidet med statsgjeld. Noreg anerkjenner behovet for ei uavhengig og multilateral tilnærming til gjeldskriser i utviklingsland. Samstundes meinte Noreg at prosessen bak resolusjonen ikkje vart driven av konsensus, noko som gjev resolusjonen ein avgrensa operasjonell verdi. Noreg valde difor å avstå frå å røyste.

Noreg leidde forhandlingane om ein resolusjonen om global helse- og utanrikspolitikk, som i år hadde fokus på vern av helsearbeidarar i både krig og krisesituasjonar, eit tema som vart særleg aktuelt som følge av ebola-utbrotet og dei mange humanitære krisene. Resolusjonen fekk over 60 medframleggsstillarar, og vart varmt motteken av mellom anna dei landa i Vest-Afrika som var hardest råka av ebola. Vidare har delegasjonen aktivt følt opp FN-innsatsen mot ebola mellom anna gjennom ei rekkje innlegg i både Tryggingsrådet og Generalforsamlinga.

Noreg spela ei aktiv rolle i forhandlingane om den årlege generelle humanitære resolusjonen i Generalforsamlinga og fekk gjennomslag for prioriteringar knytte til utdanning i kriser, varige løysingar for internt fordrivne og seksuell og reproduktiv helse. Dei vanlege skiljelinjene mellom tradisjonelle gjevarland og særleg konfliktråka land prega forhandlingane denne hausten også, men dei aller mest ytterleggåande landa var meir isolerte enn tidlegare. Det kom også til semje om resolusjonane om naturkatastrofar og om tryggleik for humanitært personell. Òg i den førstnemnde resolusjonen fekk Noreg gjennomslag for ei noko sterke omtale av internt fordrivne. Den generelle resolusjonen om FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR), som vart forhandla fram i Genève, vart også vedteken ved konsensus.

Generalforsamlinga vedtok den årlege resolusjonen om dei økonomiske sanksjonane frå USA mot Cuba. Røystemonsteret var identisk med i fjar: 188 land røysta for, 2 land røysta imot (USA og Israel) og 3 land lèt vere å røyste (Marshalløyene, Mikronesia og Palau). Midtausten og Palestina-spørsmålet vart òg handsama i plenum i Generalforsamlinga, der det vart vedteke ei rekke resolusjonar med same røystemonster som i tidligare år. Dei årlege resolusjonane om Afghanistan og Myanmar vart vedtekne utan røysting.

Resolusjonen om samarbeid mellom Europarådet og FN vart vedteken i Generalforsamlinga ved konsensus. EU heldt ei posisjonsforklaring på vegner av EU-landa, Sveits, Liechtenstein og Noreg der ein sa seg lei for at språk om dødsstraff heller ikkje denne gongen vart teke med.

Noreg fekk gjennomslag for viktige prioriteringar i havretts- og fiskeriresolusjonane, ikkje minst kor viktig sjømat er for å sikre den globale mattryyggleiken, kampen mot ulovleg, urappor-

tert og uregulert fiske (såkalla UUU-fiske) og tiltak mot menneskehandel og tvangsarbeid i fiskerisektoren. I samband med forhandlingane om havrettsresolusjonane var Noreg blant dei statane som var skeptiske til å ta inn eit tekstframlegg om vern av småkval. Etter Noreg sitt syn er konkrete forvaltingsvedtak ikkje eigna for drøfting i FNs generalforsamling, men bør helst gå føre seg i dei organisasjonane som har det særlege forvaltingsmandatet over dei aktuelle artane. Framlegget vart til slutt ikkje teke inn i den endelige teksten.

Noreg støtta aktivt opp om ein resolusjon om jordobservasjon for berekraftig utvikling, som vart vedteken med konsensus. Målet er å utvikle ei meir nøyaktig global referanseramme for å få eit betre utgangspunkt for måling og overvaking av jorda. Denne informasjonen vert mellom anna nytta til GPS – i mobiltelefonar, måling av konsekvensane av klimaendringar og til styring av flytrafikken.

## 3 Dei faste komiteane i Generalforsamlinga

### 3.1 Generalforsamlingas 1. komité (internasjonal fred og tryggleik)

Noreg deltok aktivt i år under den første sesjonen i 1. komité, som vart halden 7. oktober–4. november 2015. Det vart halde eigne innlegg under generaldebatten og under dei tematiske debattane om høvesvis kjernefysiske våpen og andre masseøydeleggingsvåpen. Vi stod òg tilslutta røysteforklaringar på resolusjonar som er prinsipielt viktige for Noreg, og teikna oss som medframleggsstillarar for om lag 20 resolusjonar.

Dei tematiske debattane og til dels atmosfæren i komiteen var prega av Ukraina-konflikten, men òg av sonderande forhandlingar før tilsynskonferansen for ikkjespreiingsavtalen (NPT) neste år. Ut over dette var komiteen prega av kjende «gjengangarar» som masseøydeleggingsvåpenfri sone i Midtausten og framlegga frå dei alliansefrie landa (NAM) om forhandlingar om ein konvensjon mot kjernevåpen.

Svært mange land streka under målet om ei kjernevåpenfri verd. Det er aukande frustrasjon over det som vert oppfatta som manglande vilje hjå kjernevåpenstatane til å medverke til å nå dette målet. Behovet for at kjernevåpenstatane oppfyller nedrustningsforpliktingane sine i medhald av handlingsplanen frå tilsynskonferansen for ikkjespreiingsavtalen (NPT) 2010 var eit gjenomgangstema.

Svært mange land sette fokus på humanitære konsekvensar ved bruk av kjernevåpen. Denne gongen var det heile 155 land som sluttar opp om fellesinnlegget om humanitære konsekvensar av kjernevåpen, som vart framført av New Zealand (ein auke på 30 land frå i fjor). Fleire la vekt på at det må setjast i gang arbeid for eit forbod mot kjernevåpen, eventuelt i form av ein konvensjon. Visse kjernevåpenmakter argumenterte derimot for ei stevnis tilnærming innanfor dei etablerte foruma.

Arabiske land framheva spesielt Midtaustenkonferansen om ei kjernevåpenfri sone i regionen som ein grunnleggjande del av avtalen i 1995 om lenging av NPT inntil vidare.

Dei vestlege kjernevåpenstatane, og Canada, la vekt på å forhandle fram av ein avtale om forbod

av produksjon av spaltbart materiale for kjernevåpenføremål (FMCT). Pakistan gjorde det klart at dei ikkje vil støtte igangsetjinga av eit slikt forbod verken i eller utanfor Nedrustingskonferansen (CD).

Dei fleste landa uttrykte frustrasjon over den fastlåste situasjonen i Nedrustingskonferansen (CD) og eit generelt dysfunksjonelt nedrustingsmaskineri. Fleire framheva at dei var vonbrotne over at det ikkje hadde kome til semje under den siste sesjonen av FNs nedrustingskommisjon (UNDC).

Russland og Kina streka under behovet for at det snart må setjast i gang forhandlingar om ein avtale om forbod mot utplassering av våpen i det ytre verdsrommet, og Russland introduserte ein ny resolusjon om «no first placement».

Når det gjeld kjemivåpenkonvensjonen, var det fleire land som uttrykte uro over at USA og Russland ikkje ser ut til å kunne oppfylle destruktionsforpliktingane sine, som alt er utsette. Men mange la likevel vekt på den vellukka operasjonen for å fjerne kjemiske våpen i Syria.

Vidare sa komiteen seg nøgd med at det har kome i stand ein internasjonal våpenhandelsavtale (ATT).

### 3.2 Generalforsamlingas 2. komité (økonomiske og sosiale spørsmål)

I 2. komité prioriterte Noreg spørsmål om makroøkonomi og finans, berekraftig utvikling og andre tema som er knytte til den nye utviklingsagendaen etter 2015. Noreg heldt fem innlegg: eit generelt innlegg, om kvinner og utvikling, om berekraftig utvikling, om makroøkonomi og om utviklingsaktivitetane i FN. Temaet for det generelle innlegget var oppfylling av tusenårsmåla, at dei nye berekraftsmåla må vere universelle og inkludere dei tre dimensjonane av berekraftig utvikling, at ein må arbeide for finansiering for utvikling og at utviklingssystemet i FN må vere i takt med behova i framtida.

På grunn av dei snart komande forhandlingane om finansiering for utvikling og nye bere-

kraftsmål etter 2015, var mange av resolusjonane prosedyreresolusjonar. Dette galldt òg dei fleste resolusjonane om makroøkonomi og finans, bortsett frå dei som handla om gjeld. Dei to gjeldsresolusjonane følgde opp den resolusjonen som vart vedteken av Generalforsamlinga i plenum, om at FN skulle starte forhandlingar om ein ny gjeldsmekanisme, noko som det ikkje var semje om. Noreg prøvde å spele ei konstruktiv rolle i forhandlingane. Dessverre var motsetnadene for store, og dei to komitéresolusjonane om gjeld kom til avrøysting fordi store kreditorland var usamde i at FN skal forhandle fram ein gjeldsmekanisme.

Forhandlingane om berekraftig utvikling (Agenda 21-resolusjonen) gjekk lettare enn før, sjølv om tilhøvet mellom høgnivåforumet for berekraftig utvikling og ECOSOC, syklusen for møta til høgnivåforumet under Generalforsamlinga og omtale av teknologioverføring baud på problem. I forhandlinga om energiresolusjonen oppstod det komplikasjonar rundt «Berekraftig energi for alle»-initiativet til Generalsekretæren. Noreg medverka aktivt til ei løysing.

Noreg har arbeidd for effektivisering og fokussering i FN-fonda og -programma og betre koordinering i utviklingssystemet i FN. Dette omfattar oppfølging av rammeresolusjonen om utviklingsaktivitetane i FN frå 2012 og deltaking i arbeidet for å støtte reforminitiativet til Generalsekretæren. Noreg har gått i brodden i uformelle prosessar om framtida til utviklingssystemet i FN, òg under ECOSOC. Vi har lagt vekt på den normative rolla til FN, og samanhengen mellom det normative og det operasjonelle. Noreg tok aktivt del i forhandlingane om utviklingsaktivitetane i FN. Desse forhandlingane stranda i siste augneblinke, etter lange og vanskelege forhandlingar, primært på grunn av usemje om reform av styrande organ og ønske frå G77 om å demonstrere fleirtalsmakt i den samanhengen. G77 såg resolusjonen i samanheng med resolusjonen om sør-sør-samarbeid, som òg kom til avrøysting. Ingen av dei sistnemnde resolusjonane er vortne tekne til votering før, og resultatet var uheldig.

Dei andre avrøystingane var som før knytte til Midtausten, og det var éi avrøysting om økonomiske spørsmål. Informasjonsteknologi var eit tema òg i 2. komité, der omtalen av nedkjemping av terrorisme var vanskeleg. Det er beklageleg at G77 i fleire resolusjonsframlegg hadde teke ut tekst om kvinner og likestilling jamført med tilsvarende resolusjonar i fjar, noko som det må arbeidast for å få tilbake. Når det gjeld arbeidsmetodane i 2. komité, vart fleire freistnader på ei rasjo-

nalisering av arbeidet, til dømes ved å redusere talet på resolusjonar, slegne tilbake av G77. Nordisk og tverregionalt samarbeid med likesinna var viktig.

### **3.3 Generalforsamlingas 3. komité (menneskerettar, humanitære og sosiale spørsmål)**

Noreg heldt ein aktiv og tydeleg profil gjennom heile 3. komité-sesjonen, som vart halden 7. oktober–26. november 2014, og vi fekk gjennomslag for dei viktigaste prioriteringane våre. Vi deltok mellom anna i kjernegruppa til fire resolusjonar: dødsstraff, utanrettslege avrettingar (nordisk), personvern og menneskerettssituasjonen i Iran. Resolusjonen om dødsstraff fekk auka oppslutning. Det er eit viktig signal til omverda at talet på land som nyttar dødsstraff, og som røystar mot resolusjonen, stadig vert mindre. Resolusjonen om utanrettslege avrettingar fekk òg auka oppslutning.

Det viktigaste vedtaket under sesjonen galdt resolusjonen om Nord-Korea. Det var semje i Generalforsamlinga om å sende granskingskommisjonen sin rapport over til Tryggingsrådet med oppmoding om å diskutere ei mogleg tilvising av Nord-Korea til den internasjonale straffedomstolen.

Andre viktige vedtak galdt mellom anna resolusjonen om vald mot kvinner, der fleire tiltak mot straffefridom vart vedtekne. I denne og andre kvinneresolusjonar i Generalforsamlinga vart konsensusen frå befolkningskonferansen i 1994 og kvinnekonferansen i Beijing i 1995 om seksuell og reproduktiv helse og reproduktive rettar stadsfesta, noko som er eit viktig framsteg etter at visse land i nokre år har blokkert vedtak om dette. Den første substansielle resolusjonen om barneekteskap vart vedteken. Han inneholdt viktige tiltak om korleis kampen mot barneekteskap skal førast. Det vanskelegaste temaet var seksualundervisning.

Resolusjonen om personvern i det digitale rommet vert ståande på dagsordenen til det internasjonale samfunnet. Resolusjonsforhandlingane var krevjande på grunn av usemje rundt dei juridiske reglane og prinsippa knytte til ekstrateritoriell overvakning. Noreg fekk gjennomslag for at resolusjonen uttrykkjer uro for overvakning av menneskerettsforkjemparar.

Rettane til homofile er framleis det desidert vanskelegaste og mest omstridde temaet i komiteen. Det er berre éin resolusjon i Generalforsam-

linga der seksuell orientering og kjønnsidentitet vert nemnt og vert røysta over, trass i at resolusjonen handlar om retten til liv og utanrettslege avrettingar. Motstandarane, med Nigeria, Russland og Egypt i spissen, argumenterer med at rettane til homofile ikkje er universelle rettar, men ein preferanse. Difor har temaet ingen plass i FN, hevdar dei. Det var mange som til dømes meinte at ein burde ha stoppa LHBT-resolusjonen, som vart vedteken i Menneskerettsrådet i september. Sør-Afrika spelte ei avgjerande rolle for at Afrika-gruppa ikkje gjorde framlegg om dette.

Overordna sett var det ein konstruktiv sesjon med lågare konfliktnivå enn i fjor. Det var færre såkalla «fiendtlege endringsframlegg» i år, og færre resolusjonar totalt. Den tverregionale gruppa som gav oss mest motstand i fjor, hadde ingen fellesposisjonar på resolusjonane i år.

Til saman vart det forhandla fram 55 resolusjonar i 3. komité. 17 av desse vart røysta over. Dei andre vart vedtekne ved konsensus.

### **3.4 Generalforsamlingas 4. komité (særskilte politiske spørsmål)**

Generalforsamlingas 4. komité har ansvaret for særskilte politiske spørsmål, mellom anna avkolonisering, Palestina-spørsmålet, FNs fredsbevarande operasjonar og FNs spesielle politiske oppdrag. I tillegg finst det einskiltståande punkt på dagsordenen til komiteen, til dømes radioaktiv stråling, informasjon og fredeleg bruk av det ytre rommet. Som tidligare vart det røysta over svært mange resolusjonar og vedtak i komiteen, mellom anna resolusjonane for avkolonisering og for Palestina-spørsmålet.

Mange av talarane i den årlege debatten om fredsoperasjonane til FN var opptekne av dei aukande utfordringane som operasjonane står overfor. Med stadig meir komplekse mandat som skal gjennomførast i land der det stadig sjeldnare finst ein fred å bevare, vert FN i aukande grad oppfatta som eit legitimt åtaksmål. Medan etterspurnaden etter FN-innsats held fram med å auke, slit FN med å rekruttere personell med dei rette kvalifikasjonane og det naudsynte utstyret. Difor var det mange som helsa velkommen initiativet frå Generalsekretären til ein gjennomgang av fredsoperasjonane. Samstundes var debatten prega av føreseielege skiljelinjer mellom ulike grupperingar av land. Vestlege land ønskjer meir effektive og robuste operasjonar. Den alliansefrie rørsla (NAM) er leiande når det gjeld å fremje ei meir konservativ tilnærming der vektlegginga av

suvereniteten til vertslandet står sentralt. Ei interessant utvikling er at i dei seinare åra har dei afrikanske NAM-landa vortne meir støttande til bruk av ny teknologi og robuste mandat. Intervensjonsbrigaden i Kongo er eit døme på dette. Store troppe- og politibidragsyntande land er dessutan opptekne av å få auka innverknad i utforminga og revisjonen av mandat og auka økonomisk kompensasjon for personellbidraga sine.

Midtosten- og Palestina-debatten og handaminga av dei einskilde resolusjonane følgde eit velkjent mønster. Den prekære økonomiske situasjonen for FN-organisasjonen og for palestinske flyktingar (UNRWA) vart omtala av mange, og særleg var det situasjonen etter krigen i Gaza i sommar som prega debatten. Under spørsmålet om avkolonialisering og debatten om ikkje-sjølvstyrte territorium var det som i tidlegare år sterke motsetnader mellom Marokko og fleire afrikanske land i spørsmålet om Vest-Sahara. Det same galdt tilhøvet mellom Storbritannia og Argentina om Falklandsøyane og mellom Storbritannia og Spania om Gibraltar. Voteringane følgde røystemønsteret frå tidligare år med tilhøyrande røysteforklaringar.

Fleire tematiske resolusjonar, til dømes resolusjonen om FNs spesielle politiske oppdrag (Special Political Missions, SPMs), resolusjonar om det ytre rommet, radiologisk stråling og mine tiltaka til FN vart vedtekne utan votering. Nytt i år var at resolusjonen om informasjon vart teken til paragrafvotering på grunn av eit avsnitt om fleirspråksbruk som kunne føre til auka budsjettkostnader. Resolusjonen vart likevel vedteken til slutt, ved konsensus.

Noreg medverka til å synleggjere dei finansielle utfordringane for UNRWA gjennom rolla som rapportør for FNs arbeidsgruppe om finansiering av UNRWA, og framlegging av rapporten for komiteen. Organisasjonen står overfor store utfordringar i samband med kjernebidrag, i tillegg til ytterlegare behov etter Gaza-krigen sommaren 2014 og situasjonen i Syria.

### **3.5 Generalforsamlingas 5. komité (budsjettspørsmål)**

Det vart endå ein krevjande haust i 5. komité. Hovudårsaka er at komiteen har ei stor arbeidsmengd, at han er vorten svært polarisert etter finanskrisa og at han har til dels dysfunksjonelle arbeidsmetodar. Det var likevel noko overraskande at komiteen først kom i hamn den 29. desember, ettersom haustsesjonen på førehand

var rekna som relativt sett mindre krevjande en tidlegare sesjonar.

Blant dei store sakene var budsjettramma for 2016–17, budsjett og administrativ støtte til FNs spesielle politiske oppdrag (Special Political Missions, SPMs), og etablering av ei partnarskapseining. I diskusjonen rundt budsjettramma for 2016–17 heldt EU, USA og Japan fram med den harde linja si for å kutte i FN-budsjetta. Dei vil setje eit tak for budsjettet som det ikkje vil vere mogleg for FN å gå over, noko som særleg G77 sette seg imot. Det enda til slutt med eit kompromiss som inneber ein minimal vekst i FN-budsjettet.

Noreg leidde forhandlingane om FNs spesielle politiske oppdrag, der budsjettet utgjer nesten ein fjerdedel av det regulære budsjettet. Budsjettforhandlingane kom i hamn før jul aftan, men dei meir krevjande reformforhandlingane vart det dessverre ikkje oppnådd semje om. Her er den største utfordringa at bortimot alle medlemslanda, bortsett frå dei fem faste medlemmene av Tryggingsrådet (P5), vil ha ein ny finansieringsmodell. P5 strittar imot, ettersom dette truleg vil innebere at dei må betale ein større del. Det har ikkje vore mogleg å oppnå semje om dette i fleire år på rad, og presset mot P5 aukar for kvar haust.

Det vart heller ikkje oppnådd semje om å skipe ei partnarskapseining på kontoret til Generalsekretæren, som skulle koordinere alt FN-arbeid med eksterne aktørar, medrekna den private sektoren. Her jobba Noreg tett saman med andre på vestleg side, men G77 stritta imot og kom med motframlegg som ville innebere ei stor innskrenking av handlingsrommet til Generalsekretæren. Generalsekretæren sjølv og dei nærmeste medarbeidarane hans la elles eit stort press på G77 i denne saka, utan suksess.

Noreg heldt fram arbeidet sitt med å auke løvingane til menneskerettar over det regulære budsjettet. Frå norsk side vil vi halde fram med å presse på for dette. Men i det noverande klimaet i komiteen, der det er venta at FN skal gjere meir med mindre ressursar, er dette ei svært utfordrande oppgåve.

### **3.6 Generalforsamlingas 6. komité (rettslege spørsmål)**

Under 6. komité i år vart det vedteke 18 resolusjnar, alle ved konsensus. Likevel var komitéarbei-

det meir polarisert og arbeidskrevjande enn i tidlegare sesjonar. Ei rekkje tema som før har vore ukontroversielle, vart grundig drøfta. Ikkje minst var arbeidet i komiteen med vern av diplomatiske stasjonar vanskeleg. Forhandlingane var prega av framlegg frå Brasil om å ta med språk om vern av diplomatiske og konsulære stasjonar mot overvakning og innsamling av data, som hadde ein tydeleg brodd mot USA. Sluttresultatet var eit kompromiss der visse moderne utfordringar vart omtala, utan at resolusjonen sitt fokus på fysiske trugsmål vart forstyrra. Arbeidet med rettsstat på nasjonalt og internasjonalt nivå var fastlåst som før, og det er steile frontar mellom vestlege liberale demokrati og ei rekkje statar som legg vekt på suverenitet og ikkje-innblanding. I debatten om universaljurisdiksjon lukkast det for Noreg, saman med fleire andre land, å motverke at prinsippet vart offer for ytterlegare tilbakeslag. I diskusjonane om rapporten frå folkerettskommisjonen var det omfattande støtte til tema som identifisering av internasjonal sedvanerett og vern av miljøet i væpna konflikt, medan få statar var innstilte på handsaming av temaet jus cogens.

Antiterrorarbeid og kampen mot framandkrigarar var tema for fleire møte, både i Tryggingsrådet og i 6. komité. Tryggingsrådet har vedteke viktige resolusjonar med listeføringar av nye individ og einingar på terrorlistene til FN og krav til statane om å gjennomføre ei rekkje tiltak, medrekna grensekontroll, kriminaliseringsfopluktingar og finansielle frystiltak. Det er slåande korleis rolla til president Assad i Syria-konflikten på relativt kort tid er vorten så godt som heilt borte frå drøftingane.

Den internasjonale straffedomstolen (ICC) heldt det 13. statspartsmøtet sitt frå desember, og samla dei 122 statspartane til Romavedtektene for å vurdere fleire saker som er viktige for Domstolen. Noreg tok på seg ei synleg rolle under statspartsmøtet, og Noreg overtok formannskapet for arbeidsgruppa for regelendringar.

Havrettslege spørsmål har stått sentralt, og Noreg har spelt ei aktiv rolle i forhandlingane om dei årlege fiskeri- og havrettsresolusjonane. Forhandlingsprosessen om ein ny gjennomføringsavtale under FNs havrettskonvensjon for å regulere biodiversitet utan statane sin nasjonale jurisdiksjon, er i gang, og Noreg tek aktivt del i dette arbeidet.

## 4 Tryggingsrådet

Ukraina prega framleis dagsordenen til Tryggingsrådet hausten 2014, med omfattande møteverksemd fram til Minsk-avtalene vart gjorde i september, og deretter utover hausten. Møta i Rådet om Ukraina fann ofte stad i ope format, med orienteringar om den politiske, humanitære og menneskerettslege situasjonen og påfølgjande til dels konfronterande ordskifte. På grunn av russisk motstand gav desse drøftingane få konkrete resultat. Sjølv om Ukraina-konflikten prega samarbeidsklimaet i Tryggingsrådet i 2014, var det heller liten smitteeffekt på andre saksfelt på Rådet sin dagsorden. Handlingslamminga til Rådet når det gjeld dei grunnleggjande politiske spørsmåla i Syria vart likevel vidareførte frå tidlegare år.

Tryggingsrådet har halde fram dei faste drøftingane sine om Syria fleire gonger i månaden, med fokus på uttransporteringa av kjemiske våpen og den humanitære situasjonen. Fellesoperasjonen mellom FN og Organisasjonen for forbod mot kjemiske våpen (Organization for the Prohibition of Chemical Weapons, OPCW) vart avslutta i slutten av 2014. Dei fleste av medlemslanda i Rådet ønskjer likevel å ha kjemivåpen-spørsmålet ståande på dagsordenen, særleg i lys av rapportane om bruk av klorbomber og oppgåver som står att når det gjeld destruksjon av anlegg for produksjon av kjemiske våpen. Den humanitære situasjonen i Syria og grannelanda vart endå verre enn før, med rekordmange hjelptrengjande. I desember vart tryggingsrådsresolusjonane om humanitær tilgang som vart vedtekne tidlegare i 2014, lengde med tolv månader. FNs spesialutsending til Syria, Staffan dei Mistura, har orientert Rådet utover haust, særleg om arbeidet for ein politisk plan med frys-soner.

Kampen mot framandkrigarrar og ISIL har særleg prega Syria- og Irak-handteringa i Tryggingsrådet hausten 2014. Gjennom tryggingsrådsresolusjonar er statane pålagde å gjennomføre ei rekke sivil- og strafferettslege tiltak mot framandkrigarkerksemrd, medrekna betre grensekontroll, kriminalisering av terrororganisering og -finansiering, og reiser med terrorføremål. Denne utviklinga har skapt større konsensus mellom dei fem faste tryggingsrådsmedlemmene når det gjeld Syria-spørsmål.

mål, der Rådet har vore delt i fire år. Den gradvis tydelegare regionale dimensjonen i operasjonane til og finansieringa av terrororganisasjonane, og evna deira til å operere på tvers av landegrenser i breiare tyding, er ei stor utfordring.

Krigen i Gaza førte til fleire møte i Tryggingsrådet, både under og etter kamphandlingane. Etter at ei rekke diskusjonar om resolusjonar om Gaza mislukkast, la Abbas i høgnivåeka fram den store planen sin om ein tryggingsrådsresolusjon om ein tidfesta slutt på okkupasjonen og om palestinsk statsdanning. Her låg det også eit trugsmål om å gå til Den internasjonale straffedomstolen (ICC) dersom det ikkje vart gjennomslag. Forhandlingar om ein slik Palestina-resolusjon prega mye av hausten, der den spente situasjonen i Jerusalem òg prega arbeidet til Rådet. Rett før nyttår pressa palestinarane fram votering om eit resolusjonsframlegg, men utan å lukkast ettersom ein ikkje hadde dei ni røystene som var naudsynte. USA røysta imot saman med Australia, men slapp å nytte vetoretten. Palestina følgde opp den 2. januar 2015 og leverte inn tilslutningsdokumenta sine til ICC. Tilslutninga tok til å gjelde 1. april 2015.

Sør-Sudan har vore ein viktig del av dagsordenen til Tryggingsrådet òg gjennom hausten 2014. Rådet har fordømt samanstøytane og kravd stans i kamphandlingane. USA har ved fleire høve signalisert at dei vurderer å leggje fram ein sanksjonsresolusjon for å leggje auka press på partane. Det er stor skepsis til sanksjonar både frå regionen, Kina og Russland. Storbritannia og andre vestlege medlemmer av Rådet har argumentert for at våpenembargo burde vere del av ein pakke med straffetiltak, men intern usemjø om dette i den amerikanske administrasjonen har gjort dette uaktuelt. FN sitt ønske om å etablere ei brei kontaktgruppe som er samansett av tryggingsrådsmedlemmer, troikaen (USA, Storbritannia og Noreg) og land frå regionen, vart mislukka på grunn av motstand frå regionen og skepsis frå amerikansk hald. Framleis finst det over 100 000 internt fordrivne i FN-leirane som søker fysisk vern, og dette reduserer i stor grad den operative fleksibiliteten til FN-operasjonen UNMISS.

Mali har vore prega av ein forverra tryggleiks-situasjon som har råka FN-operasjonen MINUSMA hardt. Minst 30 FN-soldatar er drepne og over 100 skadde i åtak frå ulike opprørs- og terrorgrupper. Fleire forhandlingsrundar er gjennomførte mellom maliske styresmakter og representantar for opposisjonen, med Algerie som vertskap. Forhandlingane har vore vanskelege ettersom opprørsgruppene er svært fragmenterte og prega av til dels sterk intern strid. Den robuste franske kontraterroroperasjonen i Mali (Servale) er bytt ut med ein mindre styrke med regionalt mandat (Barkhane). Dette har redusert det franske militære fotavtrykket i Mali og gjeve større handlingsrom for opprørsgrupper.

Tryggleikssituasjonen i Den sentralafrikanske republikken (SAR) er noko betre etter at FN-operasjonen MINUSCA overtok etter den afrikanske MISCA-operasjonen i sommar. Overgangen frå AU- til FN-leiing av operasjonen har vore meir vellukka enn den tilsvarande overgangen i Mali. Likevel er det svært store tryggingmessige og humanitære utfordringar i landet, i tillegg til at det er sterk intern usemje om vegen vidare i fredsprosessen.

Tryggingsrådet har halde fleire tematiske debattar mellom anna med fokus på vern av sivile, barn i væpna konflikt, arbeidsmetodar og førebygging av konflikt. Dei nordiske landa har hatt ein tydeleg profil i debattane, med felles innlegg som Sverige har halde. Noreg har i tillegg halde nasjonale innlegg under dei kvartalsvise debattane om Midtausten.

Den mellomstatlege prosessen om reform av Tryggingsrådet heldt eitt møte hausten 2014. Pro-

sessen held fram i 2015. Gjennom det tverregionale nettverket ACT (Accountability, Coherence, Transparency) har Noreg engasjert seg i arbeidet for meir opne og etterrettelege arbeidsmetodar i Tryggingsrådet. Nettverket legg mellom anna vekt på fleire opne møte, meir inkluderande prosessar, møte med presidentskapen kvar månad og meir innsyn når det gjeld utnemning av subsidiær organ. ACT arbeider òg for meir innsyn rundt nominasjonen av ny generalsekretær, og har utfordra medlemmene av Rådet til å forplikte seg til ikkje å røyste imot ein resolusjon med sikte på å førebyggje/stanse folkemord, brotsverk mot menneskeslekt og krigsbrotsverk. Noreg har òg teke aktivt del i andre initiativ for førebygging av masseovergrep og styrking av prinsippet om ansvaret for å verne. I denne samanhengen er det interessant at den brutale menneskerettssituasjonen i Nord-Korea første gongen vart sett på dagsordenen til Tryggingsrådet.

Debatten i haust om kvinner, fred og tryggleik i Tryggingsrådet fokuserte denne gongen på kvinner og jenter som er drivne på flukt i konflikttråka land. Temaet har fått auka merksemd i fleire FN-forum gjennom hausten. I samband med debatten arrangerte delegasjonen eit panel med kvinner frå Syria og Irak om kvinnernas rolle i kampen mot vald og ekstremisme i regionen. Delegasjonen var dessutan vertskap for eit arrangement med kvinnelege deltakarar frå Sør-Sudan og Colombia, som tok opp deltaking og innverknad frå kvinner i dei to fredsprosessane. Noreg har støtta den globale FN-studien for gjennomføringa av tryggingsrådsresolusjon 1325.

## 5 Styrking av FN, reform og aktørar

Hausten 2014 var det dessverre lite framgang i spørsmålet om reform av Tryggingsrådet. Men det er positivt nytt at det har vore ein viss framgang dei siste åra når det gjeld reform av arbeidsmetodane til Rådet, noko som mellom anna ACT-samarbeidet (Accountability, Coherence, Transparency), der Noreg er aktivt med, har arbeidd for.

Det er framgang i arbeidet med å effektivisere utviklingsaktivitetane i FN, trass i at det framleis er eit stort potensial for betring. Utviklingssystemet i FN har sett i verk ein handlingsplan for gjennomføring av rammeresolusjonen om utviklingsaktivitetane i FN frå 2012. Over 40 land har no valt «Eitt FN»-tilnærminga for FN-arbeidet på landnivå. I drøftingane under den 69. generalforsamlinga om FNs operasjonelle aktivitetar var mykje av merksenda retta mot behovet for å tilpasse utviklingsaktivitetane i FN til den nye utviklingsagendaen som skal vedtakast hausten 2015. Men det faktum at resolusjonen om dei operasjonelle aktivitetane til FN gjekk til avrøysting, er ein indikasjon på at denne diskusjonen vil verte krevjande.

Røynslene frå den ordinære sesjonen av Generalforsamlinga i haust, som for andre året på rad vart avslutta på overtid, aktualiserer spørsmålet om reform av arbeidsmetodane. I fleire år har det vore ei ad hoc-gruppe som har arbeidd med spørsmålet om revitalisering av Generalforsamlinga, men gruppa har ikkje kome nokon veg når det gjeld å føreslå betringar. Reform av arbeidsmetodane vert mykje drøfta i fleire av komiteane, særleg i 5. komité. Men det er eit behov for å gå kritisk gjennom arbeidsmetodane i alle komiteane, både når det gjeld organisering av debattane og resolusjonsforhandlingane, og med tanke på kor mange resolusjonar som vert handsama.

Eit grunnleggjande problem for Generalforsamlinga er at den rigide groupedynamikken ofte står i vegen for konsensusløysingar. Dessverre ser vi ofte at ytterposisjonane vinn fram i G77/NAM, på kost-

nad av synspunkta til meir kompromissorienteerte land. Russland spelar òg ei aktiv og sjølvhevdande rolle. Dei har vore kritiske til ei rekke reformframlegg, mellom anna til den partnarskapseininga som det er gjort framlegg om, og tiltak for å gjere Tryggingsrådet meir ope. Saman med den knallharde innsparingslinja som mange vestlege land fører i 5. komité, medverkar dette til polarisering.

Noreg er ein aktiv støttespelar for høgnivåpanelet, som er skipa av FNs generalsekretær for å gå gjennom fredsoperasjonane til FN, det vil seie både dei fredsbevarande operasjonane og dei politiske operasjonane/oppdragene. Det er venta at Panelet vil leggje fram rapporten sin i mai 2015, medan rapporten frå Generalsekretæren om korleis tilrådingane frå Panelet kan følgjast opp, er venta å ligge føre før FNs 70. generalforsamling tek til. Det er ei hovudsak for Noreg at denne gjennomgangen må sjåast i samanheng med dei tilsvarande gjennomgangane av fredsbyggingsarkitekturen til FN og tryggingsrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik.

2015 vert eit viktig år for FN. Evna blant medlemslanda i FN til å kome fram til konsensusløysingar vil verte testa på nytt. I året som kjem vil Noreg halde fram arbeidet for å fremje våre interesser, samstundes som vi i visse forum òg vil prøve å spele ei rolle som brubyggjar, med håp om at dei 193 medlemslanda i FN kan verte samde om korleis FN kan reformerast på ein slik måte at organisasjonen vert betre rusta til å møte utfordringane i framtida.

Utanriksdepartementet

til rår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet 19. juni 2015 om Noregs deltaking i den 69. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) vert send Stortinget.

**Vedlegg 1**

## **Noregs prioriteringar til FNs 69. generalforsamling**

FNs 69. generalforsamling vert innleidd med høgnivåveka frå 22. til 26. september 2014. Den norske delegasjonen vert leidd av statsministeren, og fleire andre medlemmer av regjeringa vil delta. I år vert det halde eit høgnivåmøte om klima og ein spesialseksjon om befolkning og utvikling. I tillegg vert verdskonferansen for urfolk halden 22. og 23. september. Statsministeren skal leie eit møte for å fremje oppnåing av tusenårsmåla. Arbeidet med nye utviklings- og berekraftsmål etter 2015 vil stå sentralt i fleire profilerte arrangement.

Menneskerettar, fattigdomsreduksjon og likestilling vil vere tverrgåande omsyn for den norske innsatsen. Noreg vil arbeide for eit effektivt FN og for at organisasjonen skal styrke rolla si som varetakar av fred og tryggleik, internasjonal lov og rett, menneskerettar, humanitære prinsipp og berekraftig utvikling. Vi vil byggje alliansar med andre medlemsland og byggje på det sterke nordiske samarbeidet.

FNs generalforsamling er den største og viktigaste internasjonale møteplassen i verda, og norske politikarar vil delta på ei lang rekke bilaterale og multilaterale møte gjennom høgnivåveka, mellom anna eit møte i gjevarlandsgruppa for palestininarane (AHLC).

### *Fred og tryggleik*

Det er eit overordna mål å styrke FN si evne til å førebyggje og stoppe væpna konfliktar og å fremje langsiktig fredsbygging, mellom anna gjennom FN-leidde operasjonar. Kjønnsperspektivet skal inkluderast i norsk fredsarbeid. Vi vil arbeide for at kvinner skal ta del i fredsmekling, fredsprosessar ogfredsoperasjonar. Noreg skal fremje vernedata til Tryggingsrådet, mellom anna gjennom å støtte resolusjonar og ta del i debattar om kvinner, fred og tryggleik, seksualisert vold, barn i væpna konflikt, vern av sivile i væpna konflikt og ansvaret for å verne («Responsibility to Protect», R2P), i tillegg til å støtte konkret innsats for å styrke den kapasiteten som FN-operasjonane har til å gjennomføre omfattande vernestrategiar.

Responsen frå FN på utfordringane i Midtausten, Sahel-regionen, Sør-Sudan, Somalia, og Den

sentralafrikanske republikken (CAR) skal prioriterast. Noreg vil også arbeide for at FN medverkar til løyse Ukraina-krisa på ein måte som tryggjar den territorielle integriteten til Ukraina. Noreg vil vere med på å utvikle idear som kan føre til å gjere Tryggingsrådet meir ope og effektivt, mellom anna gjennom deltaking i gruppa av land som arbeider for å betre arbeidsmetodane i rådet (ACT).

Noreg vil støtte opp om Generalsekretæren sitt initiativ «Rights up Front», som vil vere tema for Trygve Lie-symposiet i år. Initiativet går ut på å sikre at menneskerettsaspektet har ein plass i alle FN-aktivitetane. Føremålet er å medverke til at FN nyttar heile mandatet sitt eller organisasjonen sin til å medverke med vern av dei som er eller står i fare for å verte utsatt for alvorlege brot på menneskerettane og/eller den internasjonale humanitærretten.

Noreg skal arbeide for å gjere FNs fredsbyggingskommisjon meir relevant for situasjonen på landnivå, mellom anna gjennom den komande gjennomgangen av fredsbyggingsarkitekturen. Vi vil støtte initiativ for å effektivisere fredsoperasjonane til FN, der sivilt personell saman med politiavdelingar og militært personell utfyller kvarandre i gjennomføringa av breitt utforma mandat. Vi vil fremje tidleg innsats innanfor fredsbygging som ein integrert del av fredsoperasjonar med særleg vekt på reform av tryggleikssektoren og utvikling av rettsstaten. Vi vil legge vekt på at FN må møte tryggleiksutfordringar som til dømes grenseoverskridande kriminalitet, terrorisme, trugsmål i det digitale rommet og sjørøving på ein heilskapleg måte. Vi vil følgje drøftingane av slike tema i fleire komitear (mellan anna utvikling, lov og rett, FN-budsjettet og menneskerettar).

Noreg har ratifisert den internasjonale avtalen om våpenhandel (ATT) og vil arbeide for at han skal ta til å gjelde så snart som råd. Vidare vil vi støtte aktivt opp om gjennomføringa av både minekonvensjonen og konvensjonen om klasevåpen som ein del av den humanitære innsatsen og utviklingsaktivitetane til FN. Noreg skal arbeide for å gjennomføre det handlingsprogrammet som vart vedteke på tilsynskonferansen for avtalen om

ikkje-spreiing av atomvåpen (NTP) i 2010. Dette vil vere viktig for ein vellukka tilsynskonferanse i 2015. I denne samanhengen vil Noreg arbeide aktivt for at det humanitære perspektivet, slik det kom til uttrykk gjennom Oslo-konferansen om humanitære konsekvensar av kjernefysiske sprengingar, vert forankra i det vidare arbeidet. Det vil òg verte arbeidd svært aktivt for ytterle-gare styrking av det kjernefysiske ikkje-spreiings-regimet og framdrift på nedrustingsområdet. Noreg vil sikre at kjemivåpenkonvensjonen og biologivåpenkonvensjonen får ei breiast mogleg oppslutning.

#### *Den regionale dimensjonen*

Relevansen til FN må sjåast i lys av framvoksteren av regionale organisasjonar og samarbeidsstrukturar. Stadig fleire tryggleiks- og utviklingsutfordringar er grenseoverskridande, både tematisk og geografisk. Økonomisk, sosial og politisk integrasjon finn i aukande grad stad på regionalt nivå, og samanslutningar som AU og ASEAN vert viktige aktørar. I samarbeid med andre medlemsland vil Noreg arbeide for at FN medverkar til å utvikle eit smidig multilateralt system som er tilpassa desse utfordringane og føremonene.

#### *Berekraftig utvikling og utviklingsaktivitetane i FN*

Noreg vil arbeide for at alle tusenårsmåla vert nådde innan 2015. Oppfølginga av statsminister Erna Solberg si rolle som leiar av Generalsekretærens pådrivargruppe for tusenårsmåla, samane med Rwandas president Paul Kagame, vil ha høg prioritet. Det er viktig å syte for at FN og medlemslanda gjev klar støtte til fornya innsats. Samstundes må blikket rettast mot eit nytt sett av mål som vil ta til å gjelde etter 2015. Oppfølginga av FN-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20) står sentralt i utforminga av dei nye globale berekraftsmåla. Noreg har teke aktivt del i den opne arbeidsgruppa til FN (Open Working Group, OWG) som leverte rapporten sin med framlegg til berekraftsmål hausten 2014. I Rio vart det vedteke at dei nye måla skal gjelde for alle land. Vi ønskjer eit målsett der miljø og økonomisk og sosial utvikling går som en raud tråd gjennom kvart einskilt mål. Fattigdomsreduksjon, menneskerettar og likestilling vil vere gjennomgåande tema for Noreg. Det vert gjort ein ekstra innsats for å fremje utdanning, global helse, fredelege samfunn og godt styresett, kvinners rettar og dessutan klima og tilgang til berekraftig energi. I dette arbeidet skal vi ta omsyn til at òg utviklingsland

skal kunne gjere seg nytte av seg den snøgge økonomiske og sosiale utviklinga som vert mogleg gjennom det digitale rommet, særleg innanfor helse og utdanning, og støtte prosessar som medverkar til dette. Vi vil leggje særleg vekt på initiativet frå Generalsekretæren om berekraftig energi for alle (SE4ALL), mellom anna gjennom FN-tiåret som er tileigna dette temaet, i tidsrommet 2014–2024. Reduksjon av barnedødstal og fremjing av mødrehelse vil òg vere norske satsingsområde, saman med universell tilgang til helsetenester. Noreg skal arbeide for at FNs nye høgnivåforum for berekraftig utvikling (HLPF) vert eit viktig instrument for å oppnå berekraftig utvikling. Klimatoppmøtet i september vil vere ein viktig milepæl.

Som ein viktig bidragsyta til utviklingsaktivitetane i FN vil Noreg arbeide for at FN leverer og dokumenterer resultat av arbeidet sitt. Noreg skal framleis gje tydelege signal om forventningar og krav til utviklingsorganisasjonane i FN, medrekna evna til å tilpasse seg nye utfordringar og ein ny utviklingsagenda etter 2015, globalt og på land-nivå. Der FN har ein samkjørd og unison bodskap på tvers av organisasjonane og einingane i sekretariatet, er det venta at FN-innsatsen vert samordna betre gjennom gode system og kompetent leiing.

Vi held fram med å støtte reforma om «Eitt FN» på landnivå. Det aktive norske engasjementet for betre leiing og koordinering innanfor FN vert realisert gjennom arbeidet med tilrådingane frå FN-reformpanelet, integrerte fredsoperasjonar og den humanitære endringsagendaen, via konsultasjonsprosessar, forhandlingar og omfattande dialog med sentrale utviklingsland, i tillegg til partnarskap med sivilsamfunnet og den private sektoren. Noreg skal arbeide for at FN koordinerer aktivitetane sine med Verdsbanken, slik at kvar einskild organisasjon nyttar dei komparative føremonene sine.

Noregs si rolle i arbeidet med den tredje internasjonale konferansen om finansiering for utvikling vil verte prioritert. Vi skal arbeide for å sikre oppslutninga om og målsetjingane for konferansen. Det er i norsk interesse at målsetjingane er ambisiøse, men ligg innanfor realistiske rammer.

#### *FNs-leiinga og budsjettet*

Noreg arbeider for eit moderne FN som kan vise til konkrete resultat. Dette krev reformgrep både ved hovudkvarteret og i felten. Difor vil Noreg engasjere seg i prosessar som tek sikte på å styrke og effektivisere organisasjonen.

På grunn av kutt frå store bidragsytarar er det regulære FN-budsjettet i dag under kraftig press. Noreg vil arbeide for at strenge krav til innsparing ikkje vil få følgjer for vedtakinga og gjennomføringa av naudsynte reformer. Vi vil arbeide for å unngå at medlemslanda skal detaljstyre FN gjennom Generalforsamlinga. Dersom sekretariatet skal kunne oppfylle mandatet sitt, må det ha tillit frå medlemslanda for å gjennomføre oppgåvene sine.

Noreg skal heile tida vurdere ressursbruken i FN. Vi vil arbeide for at FN held fram med å fremje tiltak mot økonomisk utruskap, sikrar ein kultur for ansvarskjensle og styrker innsatsen for tilsyn og kontroll.

#### *Kvinners rettar og likestilling*

Noreg skal arbeide for at kvinners rettar og likestilling er ein del av heilskapen i FN-arbeidet. Noreg sit i styret for UN Women ut 2014 og er ein av dei største finansielle bidragsytarane. Noreg skal støtte opp om den globale normgjevande rolla til UN Women. Likestilling skal òg prioriterast i alle FN-einingane, medrekna andre fond, program og særorganisasjonar, og skal integrererast i arbeidet i FN-komiteane. Eit menneskerettsperspektiv vil liggje til grunn for den norske innsatsen, samstundes som dei positive verknadene av likestilling skal framhevest, medrekna kvinners medverknad til fred, økonomisk vekst og berekraftig utvikling.

Utdanning for jenter, seksuell og reproduktiv helse og rettar, kvinner, fred og tryggleik og politisk og økonomisk deltaking for kvinner vil vere særlege satsingsområde. Noreg vil ta aktivt del i forhandlingane om resolusjonar som er knytte til kvinners rettar. Særleg viktige er resolusjonane om vald mot kvinner, barneekteskap, oppfølging av Beijing-konferansen og dei to resolusjonane om å stanse førekomsten av fistula og kjønnsskamfaring, der problematikken i samband med seksuell og reproduktiv helse og rettar er særleg relevant. Noreg vil styrke partnarskapen sin med land frå sør for å kunne byggje breiare alliansar og oppnå sterkare oppslutning om rettar og likestilling for kvinner.

#### *Menneskerettar*

Noreg vil legge særleg vekt på resolusjonsforhandlingane i samband med sivile og politiske rettar i tillegg til kvinners rettar.

Arbeidet for å fremje ytrings-, presse- og forsamlingsfridom, og for å kjempe mot religiøs int-

leranse, rasisme og hatefulle ytringar vil ha høg prioritet. I tillegg vil fridom på nett, medrekna debatten om retten til privatliv i den digitale tidsalderen og problemstillingane knytte til overvakning, vere eit tema som Noreg vil engasjere seg i.

To resolusjonar er knytte til retten til liv. Noreg vil arbeide for å auke oppslutninga om resolusjonen som oppmodar alle medlemsland som enno ikkje har avskaffa dødsstraff, til å fryse bruken av dødsstraff (moratorium). Noreg vil òg vere ein nær støttespelar for Finland, som legg fram den nordiske resolusjonen om utanrettslege og vilkårlege avrettingar.

Noreg vil spele ei aktiv rolle fram mot og under verdskonferansen om urfolk.

Vi skal halde fram med engasjementet vårt for dei resolusjonane som kastar lys over den vanskelege menneskerettssituasjonen i Syria og Nord-Korea. Saman med dei nordiske grannelanda våre skal Noreg følgje opp det arbeidet FN gjer med å styrke traktatorgana for menneskerettskonvensjonane.

Noreg spelar ei leiande rolle i kjernegruppa som fremjar rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (LGBT). Problemstillingar i samband med rettane til homofile skal mellom anna fremjast under menneskerettsdagen 10. desember. Interaktive dialogar med spesialrepresentantar frå FN vil òg verte prioriterte.

#### *Humanitære spørsmål*

Noreg skal arbeide for at dei humanitære prinsippa vert haldne ved lag, og for at internasjonal humanitærrett vert respektert. Å sikre snoegg og uhindra tilgang for humanitære aktørar er ein hovudprioritet. Noreg vil arbeide for å styrke vernet av sivile i væpna konflikt, og redusere åtaka på medisinsk personell og utstyr. Vi skal arbeide for at sjukehus og skolar ikkje vert nytta av væpna grupper, og for at menneske som er på flukt, får det vernet og den assistansen som dei treng. Vi vil prioritere arbeidet med å styrke tilgangen til seksuelle og reproduktive helsetenester under humanitære krisar. Desse prioriteringane vil stå sentralt i forhandlingane om den generelle humanitære resolusjonen i Generalforsamlinga. Noreg vil støtte den innsatsen som dei råka landa gjer sjølv for førebyggje og handtere humanitære krisar, og samstundes fremje eit sterkare samarbeid mellom humanitære aktørar og utviklingsaktørar. Vi vil arbeide for at FN-kontoret for koordinering av humanitær assistanse (OCHA) og det humanitære FN-systemet får ein breiare krins av støttespelarar og samarbeidspartnarar, både blant med-

lemslanda i FN, i den private sektoren og i nasjonale og regionale organisasjonar. Samstundes vil Noreg framleis vere ein av dei nærmaste samarbeidspartnarane og støttespelarane til FN i humanitære krisar. Vi vil framleis stille krav til effektivisering av OCHA og det internasjonale humanitære systemet, og støtte opp om arbeidet deira fram mot eit humanitaert toppmøte i 2016. I førebuingane fram mot toppmøtet vil Noreg prioritere tema som er knytte til konfliktområde, og fremje likestilling som eit gjennomgåande tema.

#### *Fremjing av lov og rett*

Havretts- og fiskerispørsmål er viktige for Noreg. Dette gjeld særleg diskusjonen om vern og berekraftig bruk av maritimt mangfold i internasjonale havområde og sikring av tilstrekkelege ressursar til arbeidet i Kontinentalsokkelkommisjonen. Når det gjeld fiskerispørsmål, er mattryleg og arbeid mot ulovleg og uregulert fiske sentrale punkt for Noreg. Vi skal dessutan arbeide med tiltak som inneber betre tryggleik for skipsfartsnæringa.

I den juridiske komiteen til FN vil det verte lagt vekt på kampen mot straffefridom og styrking

av internasjonal strafferett. Dette medfører mellom anna freistnader på å hindre at bruksområdet for universaljurisdiksjon vert innsnevra, ettersom dette vil avgrense den evna verdssamfunnet har til å straffe følgje dei alvorlegaste brotsverka.

Noreg si interesse i ein stabil internasjonal rettsorden gjeld òg for det digitale rommet. Noreg vil følge dei sentrale prosessane der desse problemstillingane vert drøfta. Det er ei overordna målsetjing at folkeretten må haldast ved lag og respekterast i det digitale rommet. Det inneber òg deltaking i diskusjonar med sikte på å kome fram til ei felles forståing av prinsippa for og bruken av folkeretten på dette området.

Arbeidet til Folkerettskommisjonen skal følgjast, særleg spørsmålet om immunitet for statstilsette, men òg andre delar som kan vere direkte relevante for norske kjerneinteresser.

Oppfølging av resultata frå høgnivåmøtet om fremjing av rettsstatsprinsipp i 2012 vil framleis stå sentralt. Det vert arbeidd for at oppfølginga skal finne stad i Generalforsamlinga i plenum og ikkje i den juridiske komiten, ettersom temaet er svært viktig og rører ved alle dei tre hovudpilarane til FN: tryggleik, menneskerettar og utvikling.

**Vedlegg 2**

## **Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 69. generalforsamling**

President, eksellensar, damer og herrar,

leiarane som var samla på FNs klimatoppmøte, har gjort viktige framsteg i innsatsen for å mobilisere til handling og auke ambisjonane når det gjeld klimaendring. No må vi sørge for at dei positive resultata kan følgjast opp og utvidast mens vi førebur oss på å inngå ein avtale i Paris neste år.

Når vi møtest i Hovudforsamlinga neste år, skal vi vedta dei nye globale måla for vår felles framtid. Måla for ei berekraftig utvikling må ta utgangspunkt i suksessen med tusenårsmåla. Dei må vere både realistiske og ærgjerrige. Som tusenårsmåla bør berekraftmåla vere få og konkrete og kunne målast.

